

Norsk

BRIDGE

Medlemsblad for Norsk Bridgeforbund - Nr. 1 mars, 2012 17. årgang



Vestfold i særklasse

Landslagene tatt ut

Husk å bestille hotell til festivalen!



Bridge i Thailand

Polar Bridgeklubb

inviterer i samarbeid med OrkidéEkspressen til bridgetur til Thailand i oktober 2012. Avreise med Finnair eller Thai Airways fra Oslo 14. oktober, retur fra Bangkok 31. oktober / 2. november.

Priser	14/10–31/10	14/10 – 02/11
Pr person i dobbeltrom	10940,-	12140,-
Tillegg for bridgepakke	750,-	750,-
Tillegg for enkeltrom	2600,-	2900,-

Prisene inkluderer

- Fly Oslo – Bangkok t/r
- 2 netter med frokost på Rembrandt Hotel i Bangkok
- 14 (Finnair)/16 (Thai) netter inkl. frokost på Long Beach Hotel i Cha Am
- Transport flyplass – Rembrandt – Long Beach – flyplass
- Middagscruise på elva i Bangkok første kvelden
- Buss (én vei) fra Rembrandt til shoppingsenter i Bangkok andre dag
- Kulturshow i Bangkok andre kvelden
- Under transporten til Cha Am er det lagt inn en 1-times kanaltur med longtailbåt

Bridge

Polar Bridgeklubb arrangerer bridge 10 kvelder på Long Beach Hotel (kl. 16 – 20)

- Én hovedturnering over to kvelder
- 6 kvelder par
- 2 kvelder singel

Sammenlagt premiering hvor hovedturneringen, 3 kvelder par og 1 kveld singel, teller. Premiepotten er på kr 30.000,- ved minimum 50 bridge-deltakere (kr 10.000 til vinner).

Turneringsledere er Tor Walle og Ingebrigt Jenssen.

Golf

For de golfinteresserte finnes det en rekke flotte baner i nærområdet hvor en kan spille for en rimelig penge. OrkidéEkspressen arrangerer golf-turnering 25. – 26. oktober 2012 med Bjørn Wirkola som turneringsleder.

Dansegalla

Det arrangeres dansegalla 21. og 23. oktober 2012, med Anne Nørdssti og Ingemars.

Booking

OrkidéEkspressen, tlf. 62 48 28 88, eller e-post: post@orkide.no innen 15. april 2012.

Informasjon

Ingebrigt, tlf. 90 15 11 06, eller e-post: ij@stud-fin.no

*Velkommen til sol,
varme, bridge, golf
og sosialt samvær
i "Smilets land"!*



OrkidéEkspressen



Aumliveien 4 C, 2500 Tynset
Tlf. 62 48 28 88



Vi er kåret til
Norges beste arrangør
av spesialreiser 2012!



Innhold

Leiar	2
Siden sist	3
1. og 2. divisjon	5
Bridge på Tenerife	13
Faddertturnering på Sørlandet	16
Nyheter fra UIV	18
Hvordan bør landslaget tas ut?	21
Festivalstoff	28
Bridge i folkehøgskoler	43
Bridge for de relativt ferske	47
Ei utspelsprøve	50
Kort fortald	52
Lesarinnlegg	55

NORSK BRIDGEFORBUND

Serviceboks 1 Ullevaal Stadion
0840 OSLO

Besøksadresse: Sognsveien 75 A

Telefon: 47 47 94 00

(mandag–fredag 12.00–16.00)

E-post: bridge@bridge.no

www.bridge.no

Bankkonto: 5002.05.01585

Postgiro: 0814.51.95102

REDAKTØR ERLEND SKJETNE

Mobil: 974 75 164

e-post: erlend@gammagrafisk.no

Ramsharts vei 1c, 7020 Trondheim

LAYOUT

Bryllupsinvitasjoner AS

Marianne F. Mathiassen

ANNONSER

Ansvarlig: Erlend Skjetne

erlend@gammagrafisk.no

Annonserpriser: Etter avtale

Annonsemateriell leveres skriftlig,
med e-post, eller brev.

TRYKK

Foliotrykk

Opplag: 9.000

Neste utgivelse

juli 2012

Innleveringsfrist

1. juni 2012

Forsidefoto:

Erlend Skjetne



Leiar

Så er seriemeisterskapen over for denne gongen, og moro var det igjen. Då makkeren min uforståeleg nok prioriterte solskin og golf på ei sydhavsøy den aktuelle helga, vart det rett nok lite speling på meg på Værnes. Men dette plaga meg i grunnen ikkje, for noko av det artigaste med bridge er nemleg å stå over. Vel å merkje når også andre spelarar står over, slik at ein har nokon å tala med. Ikkje berre fordi det opplagt er mindre deprimerande å snakke med andre enn med seg sjølv, men like mykje på grunn av det didaktiske aspektet, altså læringa. At ein må spela mykje bridge for å bli betre er ei velkjend sak, helst med gode makkerar mot gode motstandarar, medan det å lesa bøker om bridge er undervurdert og noko den jamne bridgespelar nok kunne hatt godt av å bruke meir tid på; det gjeld meg sjølv òg. Men noko eg trur er vel så viktig, er munnlege diskusjonar om bridgen. Helst med gode

spelarar, naturlegvis, men det viktigaste er eit ope sinn. Andre spelarar vil alltid ha kunnskap og røynsler ein sjølv kan dra nytte av. Naturlegvis er litt av moroa å gå i rette med dei når ein er usamd i eitkvart, men viss ein ikkje trur for sterkt på sin eigen eminens, er det utruleg mykje å hente på å få innsyn i andre sine synspunkt, idear, resonnement. Som i livet generelt, kunne ein sagt, og skilnaden er i grunnen ikkje så stor, for konsentrasjonen og den taktiske tenkinga bridgen styrkar, har ein bruk for i mange samanhengar i tilveret.

På Værnes var det heldigvis mange seksmannslag, såleis alltid mange som stod over, og dimed hadde eg ofte celebrert selskap der eg sat i lobbyen eller ramaromet i påvente av neste samanlikning. Det var i grunnen berre å lene seg attende og ha øyro på stilk, så kunne ein ikkje unngå å snappe opp så mange gode tips og intelligente refleksjonar at notatboka nesten rann over. Ein må heller ikkje gløyme humoren; nokre av dei spontane linene til desse norske elitespelarane er verkeleg situasjonskomikk betre enn alt ein ser på fjernsynet. Men langt frå alt, jamvel om det stort sett har eitkvart med bridge å gjera, toler å nemnast her.

Det viktigaste høvet til slik bridgefagleg og sosiokulturell skolering er naturlegvis den føreståande moroa i Fredrikstad, og endeleg kan eg nytte min redaksjonelle autoritet til å koma med ein ordre, eller iallfall ei oppfordring: Meld dykk på Festivalen! Det er ingenting å vente med. Fordi eg sjølv er cirka like mobil som ein stein på Pluto, og det unekteleg er lengre til Fredrikstad enn til Lillehammer frå bartebyen eg bur i, var eg til å byrja med litt skeptisk til årets arrangement. Men eg har innsett at ein ikkje kan gå på akkord med sine egne abstinensar. Kva ville vel vera tristare enn å vansmekte heime i Trøndelag medan alle andre er på festival, og ikkje få ha eit einaste ord med i laget når nokre av mine aller beste vener sit med ein iskald brus i det varme augustmørkret og diskuterer så busta fyk om ruter fire eller hjarter fem var det riktige utspelet mot den partikulære delkontrakten i kløver. Noko som skil bridgen frå mange andre spel, er at spelegalskapen den avføder ikkje er skadeleg, men derimot sosial og sunn. Difor også dette bladet, som eg vonar vil stille iallfall det mest akutte de måtte ha av abstinensar.

Erlend Skjetne,
redaktør.





Siden sist

For første gang i historien (i hvert siden 1930-tallet) har medlemstallet i Norsk Bridgeforbund sunket til under 9 000 medlemmer. Dette var den dystre status, med grunn til skallebank – når vi gjorde opp vårt bo i grålysningen den 1. januar. Dette skjer i skarp kontrast til målsetningen i vår utmerkede Handlingsplan – 10 500 medlemmer på dette tidspunkt – men man vedtar som kjent ikke medlemmer!

Sett i globalt perspektiv opplever vi samme utvikling som i en rekke andre land og World Bridge Federation har nå rundt 700 000 registrerte medlemmer, Europa og Nord-Amerika opplever stagnasjon mens veksten er konsentrert i første rekke i land i Asia med Kina og Indonesia m.fl.

For meg fremstår det derfor som mer nødvendig enn noensinne å fastholde vår strategi mht. satsingen på rekruttering og opplæring – ikke skift fokus, det er langsiktig arbeid over tid som gir resultat. Israel, som

har lykkes godt de siste år, fremholder bl.a. at veksten er resultat av en bevisst strategi med enkle oppskrifter som kjøres år etter år. Utdanning av bridgelærere og turneringsledere samt aktive tillitsvalgte som lykkes med å engasjere sine medlemmer er nøkkelen til vellykkede klubber.

Forbundet driver flere tiltak og i vinter deltar bl.a. 250 folkehøyskolestudenter på kurs (Sven-Olai Høyland som flott pådriver!) og internatskoler gir selvsagt unik mulighet til å markedsføre bridge til yngre mennesker. NBF Organisasjonsdager er blitt et flott møtested og bidrar til utdanning av klubbtiltsvalgte – i fjor deltok hele 120 og programmet for samlingen i år lover det beste.

Bridgetinget 2012 arrangeres første helgen i juni i Fredrikstad og der blir garantert forslagene om helt nye medlemskapsformer og kontingentsatser vesentlig for NBFs fremtid! I den sammenheng – det er litt artig å se over Kjølen til våre gode

svenske venner - Svensk Bridge har bl.a. ikke økt kontingenten på 15 år (!) og opplever stabil vekst. Vel – det er en rekke andre forklaringsfaktorer også.

Mandag 27. februar var også en merkedag med forbundets første Simultanturnering – 132 par deltok i denne første testen som ble svært vellykket. Turneringsformen er vanlig parturnering over 24 spill hvor det sentralt opprettes som en landsomfattende turnering hvor resultatene fra alle enkeltarrangører skåres. Til høsten blir dette fast hver uke og senere kommer handicapordningen – tilbud som det er stor interesse for. Seriemesterskapet 2012 er avsluttet og vi gratulerer Vestfold 1 som forsvarte tittelen fra i fjor i 1. divisjon. Fellesarrangementet med 1.-2. divisjon på Værnes ble igjen en stor suksess og dette fine arrangementet flytter fra høsten til Dal og Letohallen nord for Gardermoen. Hyggelig også at mange arrangører i SM benytter Ruter med godt resultat! NM for klubbslag har omtrent



lik deltakelse som i fjor. De to siste rundene blir som vanlig spennende – det er fortsatt helt uvisst hvilke syv lag som skal komplettere Namsos BK i finalen 25.- 28. mai. En bombe ble ellers notert i 4. runde hvor laget til Rune Hauge med meritterte stormestere som spiller i 1. og 2. divisjon, ble slått ut av Aurskog BK. NM for damelag er en ny turnering av året som erstatter SM damer og blir ett felles arrangement for hele landet. Turneringen går av stabelen i Trondheim 17.-18. mars. I skrivende stund er det påmeldt 27 lag, flere enn i SM damer de siste tre årene, så omleggingen virker som den er godt mottatt. Stor takk også til Per Bryde Sundseth og Knut Kjærnsrød som igjen sto i spissen for det vellykkede Bridge for Alle opplegget på Tenerife i januar med 200 deltakere. Vi vurderer avtale med Paradise Park Hotel for de kommende fem år, ser at 25 % av deltakerne også spiller golf, de fleste vil komme tilbake neste år, mange kombinerer med fine turer til bl.a. la Gomera og sprekingene drar opp på Teide, Spanias høyeste fjell. Vi utvider

konseptet også med et helt nytt opplegg rettet mot nybegynnere på Tenerife med to uker i november og dette blir også årlig tilbud.

Tre av våre landslag har “store” mesterskap i 2012. Åpen og Damer har endog to hver – EM for nasjonslag i Dublin og World Mind Sport Games som finner enten i Cardiff eller Strasbourg.

U-20 laget skal på spennende tur til VM i Kina og det er ett ungt lag da to av spillerne bare er 16 år gamle. Laget er for øvrig godt i gang med forberedelsene med samling i Bergen under Storturneringen og spillerne skal til Namsos i begynnelsen av mars. Stor takk til familiene Bakke og Flått som organiserer samlingene og ikke minst for gjestfriheten ved å ta i mot våre unge i sine hjem. U-20 reiser også til White House Junior International i Amsterdam denne gangen som del av forberedelsene.

Vårt ankerpar på damesiden Ann Karin Fuglestad og Marianne Harding inviterer også til landslagssamling i Lyngdal

denne påsken. Skjærtorsdag spilles det åpen turnering Monrad lag. Fredag er det landslagssamling med både spilling og eget faglig program åpent for landslagskandidater i alle klasser. Norsk bridge skal tilbake til gamle høyder!

På Ullevaal venter vi nå spent på hvem Styret finner verdig til å etterfølge undertegnede til spennende oppgaver for å lede Norsk Bridgeforbund til nye høyder i årene fremover. Søknadsfristen gikk ut 20. november 2011, så nå godtar kontoret kun topp kandidater!! Til slutt – NBF fyllte 80 år den 22. januar 2012. Jubilanten valgte å rette blikket fremover og satser videre med optimisme og friske krefter – norsk tankesport har utfordringer, men samtidig spennende muligheter. Det er opp til den enkelte klubb og alle tillitsvalgte, samt ansatte – å forme Ny Giv!

Vi ønsker alle våre medlemmer riktig God Påske og en fortsatt spennende vårsesong!

Rune Handal

Einvegskøyring i fyrstedivisjon



Suverene vinnarar av fyrstedivisjon, Vestfold 1. Frå venstre: Petter Tøndel, Kjell Otto Kopstad, Jan Tore Berg, Gjermund Rekstad, Ole Kristoffer Kopstad, Odin Svendsen

Så er nok ein sesong i Seriemeisterskapen over, og eg må straks orsake at eg her berre kan rapportere frå dei to øvste divisjonane. Vi har tidlegare etterspurd stoff frå tredje- og fjerdedivisjon, men ingen har sendt oss bidrag derifrå, og då underteikna enn så lenge held stand i øvre halvdel av divisjonssystemet, er det ikkje lett å få med seg alt som føregår rundt omkring i Seriemeisterskapen. Men for å gjenta bønna: Bidrag frå di lokale tredje- eller fjerdedivisjonspulje blir mottekne med takk!

Det var mitt inntrykk at korta var litt lettare å hanskast med denne andre helga enn den fyrste, men det kan ha å gjera med at eg ikkje sjølv spela så mykje andre helg. Det meste ser jo lettare ut frå ein stol i BBO-romet, skjønt ein også der kan bli ramma av den utrulegaste kortblindheit. Uansett

gjekk nok mykje gale for mange denne gongen òg, så som sist skal du få eit knippe prøver, så får vi sjå om du er betre enn den jamne fyrste- og andredivisjonsspelar; eller, viss du sjølv høyrer til mellom desse spelarane, om du har lærd av eigne egg.

- ♠ 653
- ♥ KQJ9
- ♦ KQ52
- ♣ KQ

Fyrst to utspelsprøver: I fyrstehand opnar du 1 grand, og bak deg går det 2 kløver inn som syner båe major. Aust hoppar til 3 spar, invitt, letta til utgang av vest, før to passar fylgjer og utspelet er ditt. Kva vel du?

♠875
♥AJ543
♦94
♣K73

Makkeren din opnar 2 hjarter, ei form for Ekrens som viser fem spar og minst fire hjarter, aust melder inn 3 ruter, og med alle i sona nøyer du deg med 3 hjarter. Det går 5 ruter frå nestemann, dobling frå makker og pass rundt. Kva spelar du ut?

♠AKQ652
♥A4
♦KJ4
♣A5

Nokre meldeprøver: Det går 3 ruter frå vest som er i gunstig sone, pass og 5 ruter. Kva seier du?

♠-
♥AJ6432
♦Q104
♣A976

Det går pass før deg, og i gunstig sone opnar du 1 hjarter. Det går 1 grand inn til venstre, dobling frå makker, 2 spar naturleg frå nestemann. La oss seia du passar, og det går endå ein pass før makker doblar. Kva gjer du så?

♠K643
♥AK3
♦Q84
♣974

♠A109852
♥Q6
♦J
♣A853

Til slutt eit par speleføringar: I andrehand ugunstig sone opnar du 1 spar, vest doblar opplysende, og makker viser sparstøtte og minst invittstyrke med 2 grand. Du har lite poeng, men flott fordeling, så du melder utgang. Vest spelar ruter ess ut og skifter kløver dame, som aust legg kongen på. Speleplan?

♠Q72
♥KJ42
♦106
♣KQJ5

♠AK1095
♥753
♦93
♣A106

Det går 1 ruter i vest, pass og 3 ruter som ein veik sperr, du melder 3 spar og makker lyfter til 4, før det går pass rundt. Når vest tek for konge og dame i ruter i dei to fyrste stikka, og aust på den fyrste legg styrke, slik at han openbert har esset, ser det svært lovande ut. Vest er nesten markert med hjarter ess, som han no skifter til, for så å spela ein liten. Du stikk med kongen og spelar spar, aust fylgjer med åttaren og vest med triaren. Oppgåva her blir eit ja/nei-spørsmål: Finn du på noko anna enn å spela spar til dama?



Jan Tore Berg



Odin Svendsen

Medan du grublar på nøttene med den eine hjernehalvdelen, kan du bruke den andre på eit lite resymé frå denne helga. I fyrstedivisjon vart det denne gongen heilt uspenning i toppen. Fjorsårsvinnarane Vestfold leverte ei suveren forestilling, tapte i laupet av heile tevlinga berre to kampar, og hadde eit snitt på 18,45 VP per kamp, som er svært høgt i eit så sterkt felt. Noko liknande har ikkje vore sett i fyrstedivisjon på mange år, og det verkar heilt naturleg at paret med eminente 0,85 i snitt på butlaren, Jan Tore Berg og Odin Svendsen, no har vorte tekne ut til landslagsspelning. Dei andre pallplassane var det litt meir rift om, men med ein forrykande siste kamp var det på slutten ikkje tvil om at Østfold og Follo's fyrstelag, som i motsetnad til alle andre i divisjonen berre var fire på laget, skulle ta sylvet. Nord-Trøndelag kunne fort ha mist bronzen til nokre sørlegare trønderar i siste kamp, men vann kampen og sikra seg medaljen. I nedrykksstriden var det òg ei viss spenning før siste kamp, men då Bergsrud allereie var akterutsigla, Olsen møtte det sterke leiarlaget og de Botton gjorde det skarpt mot Mæsel, var det til slutt relativt klårt at Bergsrud, Mæsel og Olsen må ta vegen ned i andredivisjon.



Jonny Hansen og Siv Thoresen, to av fire spelarar på sylvlaget Østfold og Follo

I andredivisjonspuljene kan ein vel ikkje seia at det var store overraskingar. Lag Grøtheim skjerpa seg vesentleg andre helg, og sjølv om nordlendingane på Selfors hang med til siste slutt, vart det ein ny sjanse i eliteserien på eit lag som ikkje akkurat var storfornøgd med nedrykket sist sesong. I pulje B var det svært spennande i striden mellom Skoglund og Smith. Båe lag vann heile 23-7 i siste kamp, men Skoglund hadde altså eit forsprang på eitt VP i forkant. Dimed vart det nok eit opprykk på dette laget, som har klatra mykje opp og ned mellom dei øvste divisjonane dei siste åra. Det same gjeld veteranane på lag Lillevik, som denne gongen vann pulje C forholdsvis klårt.



Steingrim Ovesen og Jan Einar Sætre, klare for fyrstedivisjon igjen. Her frå Lagfinalen på Sortland i fjor, der dei spela på det suverene vinnarlaget Tromsø.





John Kåre Schjelderupsen, ein av vinnarane i 2.divisjon avdeling C. Her mot Tarjei Eck Hansen, som vart nummer to i den pulja.

Så til fasiten:

♠ 82			
♥ 654			
♦ 10984			
♣ AJ54			
	N		
♠ KJ104	•••••	♠ AQ97	
♥ A10832	•••••	♥ 7	
♦ -	•••••	♦ AJ763	
♣ 10976	•••••	♣ 832	
	W		
	•••••		
	•••••		
	•••••		
	E		
	•••••		
	•••••		
	•••••		
	S		
♠ 653			
♥ KQJ9			
♦ KQ52			
♣ KQ			


Dette fyrste spelet var vel enkelt? Det var det iallfall for dei fleste i fyrstedivisjon, så de får ta det som eit instruktivt kasus. Generelt har folk litt for lett for å spela trumf ut; mange vel for ofte ein “trygg” trumf når dei burde spela aggressivt ut. Her har ein jo så mange fine sekvensar at det kanskje berre spørst kva for ein av dei ein skal velja? Nei, dette er eit av tilfella der trumfutspelet absolutt peikar seg ut. Ein har “alt”, så allting

tyder på at meldingane til motparten er baserte på steleverdiar. Utan trumf ut, eller nokre gonger kløver etterfylgd av trumfskift, scorar spelefører raskt to ess og åtte stikk på kryssteling i hjarter og ruter. Du hadde vel fått med deg denne beita?

♠ KJ1094		
♥ KQ987		
♦ 1032		
♣ -		
	N	
♠ AQ3	•••••	♠ 62
♥ 62	•••••	♥ 10
♦ 765	•••••	♦ AKQJ8
♣ A8642	•••••	♣ QJ1095
	W	
	•••••	
	•••••	
	•••••	
	S	
♠ 875		
♥ AJ543		
♦ 94		
♣ K73		


Det er litt urettferdig å trekkje fram dette spelet, for det slo ikkje gunstig ut for Vestfolds fyrstelag, som vel neppe kan ha hatt mange slike spel i laupet av Seriemeisterskapen. Men det var ei spennande historie. Ekrens-opninga fekk verkeleg fart på saka, og kunne gjeve gevinst då motparten, utan å ha gjort noko veldig gale, kom i feil minorutgang. I kløver står det seks trekk, mot 5 ruter gjev derimot kløverutspelet to beit! Kanskje burde Ole Kristoffer Kopstad på vinnarlaget funne det utspelet etter meldinga, for dubling frå ein som har sperreopna vil veldig ofte indikere ein renons. Hjarter og ruter er naturlegvis utelukka, men spar kunne jo sikkert vore rett. Saka er vel berre at han som har støtta hjarteren ofte vil spela makkens sidefarge spar ut uansett, slik at det heller bør vera kløver dublinga peikar mot. Med spar ut vart det 750 og eit stort gevinstspel til brørne Mæsel, då det same hende på det andre bordet som ein del andre stader: Utan Ekrens på repertoaret opna nord, som eg synst er opplagt, 1 spar, og når kontrakten så, gjerne etter innmelding 2 grand, vart 5 kløver, fekk spelefører eit tapande alternativ. Med til dømes hjarter ut til esset og spar i skift, er det plausibelt å spela opnaren for bae dei svarte kongane. Altså stikk ein med spar ess, dreg seg kanskje inn på ruter ess for å teste kløver dame, og når sør legg liten ... esset. Det går bra også bra om

ein av spelarane har kongen dobbel og må fylgje tri gonger ruter, men aktuelt blir det altså beit. Slik spela, for å nemne nokon, vinnar av fyrstedivisjon Petter Tøndel og vinnar av andredivisjonspulje A Terje Aa. Så veldig dumt kan det altså ikkje ha vore, men beit vart det like fullt.



Dette kan naturlegvis ikkje bli anna enn gjetttverk, men gjetttverk er no ein gong ein viktig del av bridgen. Den sikraste vegen til innscore er å doble 5 ruter, men makker vil nesten aldri kunne gjera anna enn å passe, og ein har jo god tru på at det står ein del stikk her. Men meir enn 5 spar blir det kanskje vanskeleg å melde? Vel, Geir Helgemo henta fram superkrefter og heiv inn 6 spar. Bordet var ein draum og kontrakten lettspela. Kanskje burde vi heller gjeve aushanda som meldeprøve, for kva bør ein seia over makkers sperremelding i ruter? At det står slem til motparten er overvegande sannsynleg, og spørsmålet blir då kva som mest effektivt kan halde dei borte derifrå. Det er naturlegvis litt tilfeldig, men det er iallfall ikkje slik at ei høg sperremelding naudsynlegvis er den mest effektive. Viss det i dette tilfellet går 3 ruter, pass, 5 ruter, 5 spar, greier jo ikkje nord å lyfte denne gongen. Men neste gongen har han litt betre kort, og han veit at makker for å melde på femsteget må ha svært gode kort. Altså lettar han kanskje, medan han aldri ville drøymd om å melde viss det gjekk 3 ruter, pass, 4 ruter, 4 spar. Akkurat slik gjekk det nokre stader på det aktuelle spelet; sør kan ikkje klandrast for å melde berre 4 spar, og nord kan ikkje klandrast for ikkje å lette. Men 5 ruter gjorde altså Helgemo mistenksom, og meir “intelligente” motmeldingar hjelpte heller ikkje:

Då ein aust prøvde seg med ein “lur” 3 grand over 3 ruter, dobla naturlegvis sør. Nord skjøna at 3 grand var rein svindel og sa straks 5 kløver, som gjorde livet veldig lett for sør. Over 4 ruter, derimot ...



Eg trur nok ikkje mange i fyrstedivisjon gjekk i denne fella, men vitterleg var det mange scorar i stensilane som tyda på kardinalsnyder: Seier du pass må du spela godt imot for å unngå 870 ut; 670 blir det uansett. Rett nok har ein to ess, så om makker har tette kort kan pass naturlegvis vera rett, og siste sjanse til innscore. Men renons i trumf er alltid livsfarleg, fordi ein aldri får spela sorten i motspelet, og her må ein dessutan hugse at motparten veldig godt kan vera på nikortstilpass. Dobblinga av 1 grand gjer det klårt at spelet tilhøyrrer oss, og nettopp difor vil makker nesten alltid doble 2 spar om han har firekorts spar, rett og slett fordi ein ikkje har råd til å la dei sleppe unna når dei godt kan vera på sykkeltur. Dette bør ein ta høgd for, og plukke ut når ein overhovudet ikkje har spar. Kva ein skal melde er litt verre, 3 hjarter verkar nærliggjande, men kanskje er 2 grand betre: Det kan umogleg vera naturleg, har ein kort til dét ville ein passa, så det må nesten indikere at ein er kort i spar og elles mottakeleg overalt. Då blir det iallfall ikkje 670 ut.





Tor-Ove Reistad, tidlegare noregsmeister som no livnærer seg som BBO-operator i fyrstedivisjon

♠ K643
♥ AK3
♦ Q84
♣ 974

♠ -	N	♠ QJ7
♥ 9752	•••••	♥ J1084
♦ AK965	•••••	♦ 10732
♣ QJ102	•••••	♣ K6
	S	

♠ A109852
♥ Q6
♦ J
♣ A853

I dette spelet fekk ein sjansen til å prove at teknikken er på plass, men litt for mange speleførarar strauk på den prøva. For med ruter ess ut og kløver dame i skift til kongen, er det vel berre éin ting å gjera? Den einaste gongen det blir feil å lasjere, er viss kløver dame er ein singelton og doblaren i tillegg har singel eller dobbel spar, noko som er utenkjeleg. Langt oftare er det som her heilt naudsynt å lasjere. Det einaste som kan truge kontrakten er trumfen 3-0, og sit kløveren då 3-3 er ein automatisk beit. Men ein kan greie seg viss spelaren med tri spar òg har dobbel kløver, ved å lasjere den fyrste, stikke neste, eliminere raudfargane og så setja aust inn på spar dame. Han må spela til dobbeltrenonsen, slik at den andre kløvertaparen forsvinn. Den greidde du vel lett?

♠ Q72
♥ KJ42
♦ 106
♣ KQJ5

♠ 64	N	♠ J84
♥ AQ96	•••••	♥ 108
♦ KQJ84	•••••	♦ A752
♣ 93	•••••	♣ 8742
	S	

♠ AK1095
♥ 753
♦ 93
♣ A106

Som oppgåve er vel dette spelet litt søkt, for når ein ser alle korta verkar det utruleg å gå beit; sparen sit jo 3-2! Like fullt måtte to speleførar i fyrstedivisjon nøye seg med ni stikk, og paradoksalt nok vitnar dette om store kvalitetar hjå speleførar, og ikkje minst hjå motspelaren i aust. Sør har altså vald å spela på spar knekt fjerde i vest, som utvilsamt er imot oddsen isolert sett, og som då også vart gale no. Men det vitnar om sjølvtilitt og ei uredd innstilling at ein vågar å fylgje magekjensla såleis, når det ser så utruleg dumt ut dei gongene det mislykkest. Merk også at resonnementet slett ikkje er urimeleg: Vest har hatt det travelt med å ta essverdiane sine, noko han i dette tilfellet sannsynlegvis vil gjera uansett kva han har, men av og til *kan* jo slike motspel tyde på at han sit med eit potensielt beitestikk i trumf. I tillegg har aust altså sperra, ei melding som ofte er basert på fordeling, og ein del ruter er han jo definitivt markert med, noko som i seg sjølv gjev mindre plass for spar på handa hans. Ein veit sjølvsagt òg at vest har det meste av honnørpoeng. Men det viktigaste, og det som framfor alt gjer spelet instruktivt, er naturlegvis kortet spar åtte: Nesten uansett kven ein spelar mot, kan ein gå ut frå at åttaren i slike tilfelle anten er frå knekten dobbel eller singelton, rett og slett fordi så få hugsar å leggje spar åtte frå knekt, åtte tridje, som ein absolutt bør gjera, nettopp på grunn av tilfelle som dette: Det vil nesten alltid passere utan merksemd overhovedet, men når ein møter ein kompetent motspelar, som fylgjer med på småkorta, vil det altså, ein sjeldan gong, få han til å velja det tapande alternativet. For viss ein, som ein nesten må gjera til dagleg, går ut frå at motspelarene er ærlege, vil det at

spar åtte kjem på, auke oddsen for denne sjeldne kutten vesentleg. Kven som la spar åtte og vart løna med beit her? Petter Tøndel på vinnarlaget og Geir Enge for bronsemedaljørane Nord-Trøndelag; den sistnemnde vel å merkje etter eit anna meldingsforlaup. For Tøndels del var det nok ein av mange handverksmessige detaljar som gav det suverene gullet; for Enges del var det faktisk skilnaden på fjerdeplass og medalje.

Med desse formanande glosene høver det vel godt å runde av. Tilstellinga på Værnes gjekk på skjener, men det har likevel svirra rykte om at fyrste- og andredivisjon til neste sesong vil føregå ein annan stad, og dette er no stadfest frå høgste hald i Forbundet: Ny spelestad er Letohallen på Dal, rett nord for Gardermoen. Dei som har spela Jessheims Nyttårscup i same lokale, veit at tilhøva der er veldig fine. Datoane er 2. til 4. november 2012 og 8. til 10. februar 2013. Sjå www.letohallen.no for meir info. På gjensyn til hausten!



Petter Tøndel kan sine falsecards

Resultat 1. divisjon

1	203	Vestfold 1	Kopstad - Kopstad - Berg - Svendsen - Rekstad - Tøndel
2	186	Østfold og Follo 1	Ovesen - Thoresen - Hansen - Karlsen
3	176	Nord-Trøndelag 1	Davidson - Enge - Flått - Ringseth - Nybo - Brogeland
4	172	Midt-Trøndelag 1	Hornslie - Høyem - Berg - Simonsen - Austberg - Lund
4	172	Rogaland 1	Malinowski - Svendsen - Helness - Helgemo - Sælensminde - Hauge
6	169	Midt-Trøndelag 2	Våge - Eide - Eide - Houmøller - Berg - Kippe
7	168	Hordaland 2	Botton - Malinowski - Charlsen - Hoftaniska - Bentzen - Rasmussen
8	165	Møre og Romsdal 1	Lie - Kindsbekken - Voll - Kvangraven - Berset - Ekren
9	164	Hordaland 1	Bakke - Høyland - Høyland - Eide - Høyland
10	151	Vest-Agder 1	Mæsel - Mæsel - Aalberg - Høiland - Johansen - Bogen
11	145	Troms og Ofoten 1	Olsen - Stokkvik - Anderssen - Marstrander - Kristoffersen - Harr
12	96	Lofoten og Vesterålen 1	Bergsrud - Ellingsen - Digre - Vestå - Fondevik - Smørdal

Resultat 2. divisjon avdeling A

1	201	Midt-Trøndelag 3	Grøtheim - Tundal - Molberg - Aa - Erichsen - Skjetne
2	197	Helgeland 1	Selfors - Schytte - Kristiansen - Fagerdal - Småli
3	191	Telemark 1	Årnot - Kristiansen - Øberg - Hogstad - Jørstad - Jørstad
4	187	Vest-Agder 3	Hansen - Jensen - Svindahl - Ravnaas - Brekka - Fuglestad
5	186	Vest-Agder 2	Stornes - Olsen - Reinertsen - Hansen - Homme - Homme
6	178	Aust-Agder 1	Olsen - Pedersen - Lindqvist - Lindqvist
7	172	Oslo 5	Hauksson - Høyland - Monrad - Markussen - Brandvold - Wiborg
8	156	Wikstrand	Wikstrand - Gunnarsson - Wilt - Digre - Bøe - Paulsen
9	148	Salten 2	Lyngen - Ree - Nergaard - Bjørkan - Larsen - Krogh
10	136	Midt-Trøndelag 4	Forfot - Aa - Aa - Lunna - Aasan
11	119	Nord-Trøndelag 2	Flakstad - Holmen - Gundersen - Daling - Nymoene - Herstad
12	98	Helgeland 3	Bonsaksen - Reppen - Granhaug - Kolstad - Birkelund - Jakobsen



Resultat 2. divisjon avdeling B

1	205	Østerdal 1	Skoglund - Skoglund - Sætre - Evenstad - Larsen - Ovesen
2	204	Buskerud 1	Smith - Evjen - Allard - Jensen - Røren - Saur
3	191	Rogaland 2	Skimmeland - Muri - Leinan - Baumann - Olsen
4	178	Vest-Finnmark 1	Bull - Thomassen - Andersen - Bull - Ernstsen - Hætta
5	173	Hedmark og Oppland 2	Eliassen - Ellingsen - Eide - Skjæran - Eide
6	170	Møre og Romsdal 2	Vinjevoll - Årdal - Sunde - Skov - Holmøy - Vist
7	159	Gudbrandsdal 1	Morken - Hagen - Pedersen - Gjefsen - Bråthen - Bartnes
8	154	Hedmark og Oppland 3	Berg - Sørensen - Austdal - Vermund - Andersen
9	148	Haugaland 1	Pedersen - Haga - Eileraas - Svendsen - Hole - Bårdsen
10	140	Nord-Trøndelag 3	Nitter - Olsen - Kvaran - Kvaran
11	137	Hordaland 3	Halvorsen - Toft - Sandvik - Bastiansen - Dale - Husebø
12	120	Troms og Ofoten 2	Kristiansen - Risnes - Risnes - Gosvig

Resultat 2. divisjon avdeling C

1	211	Oslo 1	Lillevik - Nordby - Mikkelsen - Ludvigsen - Jensen - Schjelderupsen
2	198	Salten 1	Hansen - Andresen - Åselid - Aabye - Farstad - Sveindal
3	188	Oslo 2	Fodstad - Hagen - Aarebrot - Sæterdal - Halderaker - Nordby
4	187	Haugaland 2	Lutro - Nitter - Hansen - Haug - Andersbakken - Fyrn
5	174	Oslo 3	Olsen - Koppanq - Johnsen - Stokkeland - Sørvoll - Bølviken
6	165	Vestfold 2	Kjærnsrød - Sundseth - Frydenberg - Bergheim - Nyheim - Syversen
7	163	Hedmark og Oppland 1	Holmbakken - Johnstuen - Ohren - Brentebråten - Andersen - Andersen
8	153	Sør-Trøndelag 2	Mælen - Kjønsvik - Helgemo - Bøgø - Hegge - Grude
9	150	Sør-Trøndelag 1	Bårseth - Langen - Bjerkset - Stafne
10	139	Helgeland 2	Bogen - Bogen - Stanghelle - Harding
11	124	Østerdal 2	Moen - Lunheim - Nymoene - Aasheim
12	120	Sogn og Fjordane 1	Vasset - Angedal - Myren - Lothe

Ein entusiast

Det er alltid hyggeleg med positiv respons på arbeidet ein gjer. Nyleg fekk vi melding om denne ivrige unge lesaren på Forbundskontoret på Ullevål. Trygve Udem verkar berre måteleg interessert i bridgebladet, medan vesle Mathea bokstaveleg tala slukar det rått.



Suksessen fortsetter

Av Knut Kjærnsrød



I månedsskiftet januar/februar kunne Per Bryde Sundseth og jeg konstatere at nok et "Bridge for Alle"-arrangement var brakt vel i havn. Totalt sett hadde vi ca 170 gjester som bodde på hotellet i kortere eller lengre tid i løpet av måneden, og i tillegg kom det en del utenfra slik at det totalt sett var over 200 personer som spilte bridge i en av de mange turneringene. To ganger hadde vi 31 bord i sving samtidig, og flere ganger mer enn 25. De to midterste ukene spilte vi i to lokaler, A-gruppa i konferanseavdelingen og B-gruppa i restaurant Atlante som ligger i utkanten av hotellområdet rett ved et praktfullt badeanlegg. I avslutningsuka spilte begge puljer i Atlante av administrative årsaker, og det fungerte bra, bortsett fra mandag da vi hadde bommet totalt på antallet og fikk 23 bord i stedet for de 16-17 vi hadde kalkulert med. For første og eneste gang måtte vi sette tre bord på terrassen! Det fungerte greit til å begynne med, men da mørket begynte å senke seg og Atlanterhavsbrisen fikk en kjøligere tone, ble det noe problematisk. Siste runde presset vi alle inn i lokalet og kom i havn uten "forfrysninger". Vi hadde god hjelp på turneringssiden denne gangen og, overbringer en stor takk til Sten, Harald, Are, Tommy, Gøran og Heidi som alle bidro til at arrangementet fløt uten større plett og lyte.

Været var det som vanlig lite å klage på. Et par regnskurer må vi vel tåle på en måned, og selv om ikke alle dager var skyfrie, lå temperaturen stort sett mellom +20 og 25.

Det ble spilt en god del golf, og spesielt populær er den lille nihulls banen Los Palos, der det ble gjennomført godt over 100 runder. Men også Las Americas og Los Lagos, Adeje var godt besøkt.

Generelt sett er deltakerne meget godt fornøyd med hotellet og fasilitetene der, men vi hadde noen tilfeller av feil romtildeling, og forunderlig nok viste det seg vanskelig å få til at alle fikk frukt, vin og velkomsthilsen på rommet. Vi har tatt opp disse tingene med hotell-ledelsen, og håper å unngå slike blundere neste år.

Vi fortsetter i samme spor neste januar, og skal vi tro tilbakemeldingene vi får, er det svært mange av årets gjester som tar turen igjen. Det er også plass til nykommere, så det er bare å kaste seg på når vi annonserer igjen litt lenger utover våren.

Velkommen skal dere være !



Sven Pran tildelt NBFs fortjenstmerke



Sven Pran fikk tildelt NBFs fortjenstmerke 9. desember 2011. Utdeling ble foretatt på julebordet til Kolbotn BK. NBFs nestleder Per Watz stod for overrekkelsen.

Sven Pran har i alle år vært en ivrig klubbspiller. Likevel, det er ikke på klubbplan han har gjort seg mest bemerket. Sven har vært den turneringslederen som er blitt mest benyttet i Østfold og Follo krets. Sven har også vært den foretrukne turneringsleder for mange, primært på Østlandet. Sven har også deltatt på utallige bridgefestivaler.

Østfold og Follo krets har hatt glede av Sven på flere måter. Han har hatt ansvaret for kretsens kortleggermaskin, og har lagt ned utallige timer på kortlegging, og programmering. I forbindelse med regnskapsprogram for turneringsleder, så har Sven vært aktiv fra Willy Browns DOS-baserte system via BK2000 og nå Ruter. Her har han laget mange hjelpeprogrammer, til stor nytte for andre turneringsledere. Sven har en dyp forståelse for

dataprogrammering, og database, og dette har vært til stor nytte. Svens 'Dealer'-program har ikke bare vært til nytte i Norge, men har blitt benyttet over hele verden.

I forbindelse med internasjonale lover og oversettelse(2007) til norsk, var han svært aktiv, og fant flere feil i tidligere paragrafer.

Sven har alltid glødet for bridge. Han er en pliktoppfyllende og ærlig person, samt utrolig nøye i alt han foretar seg. I forbindelse med NBFs lotteri, så vant han bilen, som her var hovedpremie. Dette synes han at var alt for galt, og ga deler av premien tilbake til NBF. Resten av pengene ble investert i privat eid bridgemateriell, som bridgemates, kort, mapper etc. Dette slik at vi alle kunne ha glede av premien.

Vi mener at Sven er en verdig person til denne utmerkelsen. Gratulerer Sven, dette var meget fortjent.

Styret Kolbotn BK



PRESSEMELDING

Knut S. Brinchmann er ansatt som ny Generalsekretær I



Knut S. Brinchmann (49 år) er ansatt som Generalsekretær i Norsk Bridgeforbund. Knut har allsidig ledererfaring både fra privat og offentlig sektor. Han kommer fra stilling som seniorrådgiver i Futurum AS og har tidligere blant annet arbeidet som direktør i Papirbredden Innovasjon, informasjonsdirektør i Reiselivsbedriftenes Landsforening, underdirektør i Nærings- og handelsdepartementet og daglig leder for Bodø Turistinformasjon. Knut er utdannet siviløkonom fra Norges Handelshøyskole. Han har i tillegg studert og arbeidet flere år internasjonalt.

Knut S. Brinchmann tar over etter nåværende generalsekretær Rune Handal som går av etter 10 år i stillingen og avsluttet åremål.

Styret er godt fornøyd med å ha rekruttert en ny generalsekretær som har solid ledererfaring både fra privat og offentlig sektor. Generalsekretæren er en viktig del av ledelsen i bridgeforbundet, og det har vært viktig å rekruttere en generalsekretær som kan bidra til å videreutvikle bridgeforbundets tilbud til medlemmene. Knut S. Brinchmann sin internasjonale erfaring vil være nyttig i forhold til Norsk Bridgeforbunds planer om å arrangere Åpent EM og Ungdoms-EM i bridge i Tromsø i 2015.

Knut S. Brinchmann tiltrer stillingen den 1. juli.

For Styret i Norsk Bridgeforbund

Jan Aasen
President



“Faddertturnering” på Sørlandet

Av Karl Olav Hansen

En fast årlig tradisjon har utviklet seg på Sørlandet, hvor vi hvert år arrangerer en faddertturnering for våre nye medlemmer. Denne hadde vi i år terminfestet til 8. januar. Eliteklubben Kristiansand Bridgeklubb med Markus Bruno og Helge Stornes hadde i år tatt på seg ansvaret for turneringen. Årets deltakere kom fra Tvedestrand i øst til Egersund i vest. 23 par på startstrekken og spenningen var høy blant deltakerne.



Markus Bruno – vevilligheten selv, ledet turneringen



Vinnerparet Jan Erik Eriksen og Rune Væting sammen med primus motor Helge “Søvnig” Stornes

Totalt ble det spilt 30 spill fra klokken 12 til 18 slik at det ble rikelig med tid til det sosiale.

Grunnlaget for turneringen er det arbeidet som Rekrutteringsansvarlig i Vest-Agder Bridgekrets, Rune Væting, utfører sammen med mange frivillige. I løpet av oktober sendte han ut ca. 25.000 postkassefoldere i Kristiansandsregionen med tilbud om helgekurs. 22 deltok i midten av november på kurset, mange av turneringsdeltakerne stammet fra dette kurset. Vi ønsker å gi dem en forsmak på hvordan det er å spille turnering med hyggelige faddere fra det gode bridgemiljøet vårt. Trivsel- konkurransebridge hånd i hånd. Det nye lærebokmateriellet “Spill Bridge 1” er et viktig hjelpemiddel for veien videre.



Hva er da mer naturligt enn å drive kurs i oversittingsrunden?

Etter turneringen var det duket for sosialt samvær med middag og drikke. Arrangementet var et null-løp med startavgift på kr. 200,- som inkluderte en stor hamburgertallerken.



Odd Arne Nyhaven imponerte med en 7. plass.

Tolv år gamle Odd Arne imponerte stort med en 7. plass og sine første klubbpoeng i sin første turnering sammen med fadder Atle Stray. Odd Arne er ivrig på BBO sammen med mamma Monica Strandmyhr. Alltid ekstra hyggelig med yngre deltakere. Odd Arne var veldig stolt – med god grunn – over det han presterte sammen med makker. Vi vet at dette blir en bridgespiller vi vil ha i mange tiår framover☺.



Smilet og praten sitter løst.



Kjell Sommerseth og Thor Dag Eiksaas fikk flotte premier i form av skjønnhetsprodukter.

En stor takk til de mange som sponset turneringen med premier. Alt fra skjønnhetsprodukter til konfekt (litt motsatt av skjønnhetsprodukter, men du så godt☺).

En hjertelig stor takk til arrangørene, sponsorer og alle som deltok i et viktig arrangement for våre nye spillere. "Fadderturneringen" er kommet for å bli i Vest-Agder.

